

Leder: **Solveig Grødem Sandelson**  
Tlf. 997 93 723  
Epost: solveig.sandelson@aftenbladet.no

## Musikk Festival



# Musikk, øl og farse – ei god helg

I helga er det igjen klart for Ranglerock. No med meir folk, meir farse og meir øl. Og kanskje enda betre musikk. Her fra fjorårets opningskonsert med Real Ones.

FOTO: TOMMY ELLINGSEN

➤ Alt klart for den **14. Ranglerock-festivalen på Bryne**. Denne gong med eige øl, god musikk og den same gode farsen.

### BRYNE

I helga går den 14. Ranglerock-festivalen i rekka av stabelen. Opp mot 1000 gjester vil i løpet av helga ta turen innom lagerlokala til Vaaland 1889 på Bryne. For Omund Norheim og resten av gjengen i Ranglerock, er det litt armar og bein inn mot helga.

– Men det er ennå eit par dagar til, så me har god kontroll, fortel han.

#### – Ja, er de klare?

– Me følar oss veldig klare, men det kjem heilt sikkert til å dukke opp saker og utfordringar. Det blir veldig spanande med nytt lokale.

– **Nytt lokale, ja. Etter ti år på Bryne Mølle flyttast festivalen no inn i øllageret til Vaaland 1889 grunna byggearbeid ved mølla. Kva tykkjer du om det?**

– Personleg tykkjer eg det er herleg. Eg har vore med sidan festivalen starta som Hoggstock i 2002, så det skal bli spanande å prøve noko nytt. Då me har hatt det i Bryne

Mølle har det etter kvart blitt mykje plankekjøring, no utfordrar me oss sjølve litt.

– **Korleis er lokalet i forhold til Bryne Mølle?**

– Det blir større og høgare under taket, så utvidar me med for eksempel lys. Eg har vore i Bergen og henta ein lyskunstnar som driv med laserar, så det blir eit heilt nytt sceneshow.

– **Kult. I fjor var det rundt 280 mann på opningsdagen. Kor mykje større blir det i år?**

– I morgon trur eg fort det kan bli fullt. Altså opp mot ein 6-700 og oppunder 1000 totalt heile helga. Det blir spanande å sjå. Førhandssalet er i alle fall langt over det vanlege. Det er nok hovudsakleg grunna ny plass og fleire headlinearar.

– **For det er eit ganske godt og variert program i år?**

– Ja, me er utruleg nøgde. Det blir ei roleg opning både på fredag og laurdag, med høvesvis Stein Torleif

Bjella og Egil Olsen. Spanande med Egil Olsen som kjem rett frå ein Kina-turne, og Skambankt som feirar jubileum for debutplata med å spele heile den.

– **Det er du som står for booking av artistar. Har du nokon personleg favoritt i helga?**

– Ja, det må utan tvil vere Kåre and the Cavemen som eg ikkje har sett sidan 1996. Det er eit unikt band i norsk musikkhistorie, og var det store bandet i gjengen mot slutten av 90-talet. Eg trur det treffer bra blant stampublikummet.

– **Ei flaske øl, noko farse og «Euroboys» høyrer ikkje feil ut. I april reiste ein delegasjon til Bergen og bryggeriet 7 Fjell for å brygge eit eige Ranglerock-øl. 2000 flasker blei fasiten. Blir det nok øl?**

– Me burde nok lagd litt meir, og kjem nok til å gå tomme. Men i og med at me er i Norges beste ølbbutikk, kjem det nok til å gå greitt. Me skal alltid finna ei erstatning.

– **Du, det tvilar eg ikkje på. Korleis smakar øla?**

– Heilt fantastisk. Eg gler meg til å prøve den med farse. Den er humla og god, og har fått utruleg god kritikk.

– **Og farsen er klar?**

– 150 kilo farse er bestilt. Me har blitt nøydd til å bestille litt meir farse enn vanleg i år. Før har me bestilt like mykje som farsekongen har veid, avsluttar Omund Norheim. Det meste er altså klar til både farse-eting, øldriking, rangling og rockemusikk til helga, og for å oppklare til dei av dykk som no sit med og klør seg litt i hovudet. **Farse** er ein slags jærsk hamburger, laga av kjøttfarsedeig servert i eit søtt kveitebrød. Og **Farsekongen?** Det er ein mystisk kar som innehar den offisielle rangle-rekorden i farse-eting. Og han treff ein heilt sikkert om ein reiser til Bryne i helga.

Håkon Jonassen Norheim

hakon.jonassen.norheim@aftenbladet.no

### Ranglerock

➤ Arrangeres for 14 gong i helga. Første gong var i 2002, då under namnet «Hoggstock»

➤ Blir i år arrangert i lagerlokala til Vaaland 1889 på Bryne.

➤ Artistane i år er:  
➤ **Fredag:** Stein Torleif Bjella, Doffs Poi, Undergrunnen, Spectral Haze, Fjorden Baby!, Skambankt.

➤ **Laurdag:** Egil Olsen, Dig Deeper, GypsyCarnem, Bendik, Kåre & The Cavemen, Bombino